



DEN NORSKE KYRKJA

Helgheim sokneråd ÅRSMØTE 13.06.21

Styre, råd og utval Helgheim sokneråd, årsmøte.	Møtestad Helgheim kyrkje	Møtedato 13.06.2021
Arkiv nr.	Møtestart 12.30	Møteslutt 13,30

Til stades på møtet:

Desse møtte: 20 deltakarar
Meldt forfall:
Sak: Årsmelding for 2020

Astrid Feldt yngste velkomen til møte.

Punkt:

Punkt 1

Godkjenning av innkalling.

Årsmeldinga har lege ut i kyrkja og på nett i 14 dagar og vore tilgjengeleg for dei som ynskte å lese den.

Vedtak: Innkallinga vart godkjent utan merknader.

Punkt 2

Val av møteleiar.

Vedtak: Forslag på Astrid Feldt, samrøystes vald.

Punkt 3

Val av Skrivar.

Vedtak: Forslag Hildegunn Huus, samrøystes vald.

Punkt 4

Val av to til å skrive under møteboka.

Vedtak: Forslag på Magne Sunde og Kjellaug Bromseth, samrøystes valde.

Punkt 5

Årsmeldinga.

Astrid Feldt tok oss gjennom årsmeldinga, og peika på det som har vore jobba med gjennom 2020.

- *Corona sine utfordringar.*
- *Vedlikehald som har vorte gjort.*
- *Fasteaksjonen.*
- *Utfordringar med konfirmasjonar, dåp og andre kyrkjelege handlingar.*
- *Dugnader*
- *Benkar ute på kyrkjegarden*
- *Gåve til Helgheim sokneråd/Helgheim kyrkje og andre gåver.*



DEN NORSKE KYRKJA

Helgheim sokneråd ÅRSMØTE 13.06.21

- Oppgradert lyd anlegg
- Revidert gudsteneste ordning.
- Det var ikkje soknemøte/årsmøte i 2020.
- Julefestane som kyrkja deltek på vart og avlyste i 2020.
- Trus opplæring.
- Skei Misjonshus.
- Kyrkjemusikalsk arbeid.
- Ny/revidert liturgi.
- Hyrdingsrøysta.
- 2020 var første året i Sunnfjord Kyrkjelege fellesråd.
- Klokkarjobben på dugnad.
- Kva ein har av tilsette
- Så takka ho alle som har vore med på dugnad og for deltaking på soknemøte.

Marit Høyvik stilte spørsmål om kva ein meiner med grøn kyrkjelyd.

Det er at ein skal etterstreve å forsøple minst mogleg på alle felt.

Magne Sunde stilte spørsmål om avkøyrsla til kyrkja og kyrkjegarden. Steinar Dvergsdal svara på kva som var tenkt og at noko må gjerast.

Magne Sunde stilte og spørsmål om støyskjerming. Steinar Dvergsdal svara at Vegvesenet ikkje har vist vilje til å gjera noko, men at ein må drøfte saka med Sunnfjord kommune.. Ein bør og signalisere til Sunnfjord Fellesråd om støyskjerming.


Steinar Dvergsdal nemnde at ein må samle ser om å få løyvingar til kyrkja når kommunen skal handsame budsjett og økonomiplanar.

Årsmeldinga vart teken til vitande med dei opplysningar som kom fram.

Hildegunn Huus
Møteskrivar



Magne Sunde



Kjellaug Bromseth